

## Utvid ledda

- 1 Skriv av teksten nedanfor samstundes som du utvidar ledda. Du kan også gjerne leggje til fleire ledd om du vil.

Stephanie lagar ein teikneserie. Teikneserien handlar om ein alv og ein drake. Alven er ein prins, og draken er kjæledyret til alven. I teikneserien legg dei to ut på eventyr. Mange gonger hamnar dei i trøbbel, og ofte må draken redde alveprinsen ut av hendene på udyr. Stephanie håper nokon vil kjøpe teikneserien, for ho vil eigentleg berre teikne og skrive heile dagen og aldri gjere noko anna.

Skriv teksten din her:

Eksempel: Den mystiske Stephanie lagar ein fargerik

teikneserie om ein spygrøn alv og ein merkeleg drake.